

SOGN OG FJORDANE TEATER

TEATERÅRET

2019

SoFt

Sogn og Fjordane Teater



Gje ei oppleving i gåve!

Kjøp gåvekort på valfri sum, og den heldige mottakaren kan fritt velje kva framsyning han/ho ønskjer å sjå.

Meir informasjon på
www.softeater.no

KJÆRE PUBLIKUM

Sogn og Fjordane Teater er eit produserande og turnerande teater for heile fylket. Vi oppsøker både store og små stader, kulturhus og idrettshallar, klasserom og kyrkjer, som er tilrettelagde for framsyningane våre.

Til grunn for 2019-repertoaret ligg ei og anna tilfeldigheit, men også store og inderlege draumar.

Vi er stolte av å kunne seie at fellesnemnaren i 2019 er dei som nett har begynt på livet. Gjennom framsyningane våre får publikum møte barn og ungdom som er utsette for omsorgssvikt, som søker etter ein identitet, og som har vilje og mot til å utfordre det beståande samfunnet.

Vi vil vere aktuelle for deg og alle andre som er innom dørene. Vi tar for oss det som er nær men ser òg ut i den store verda. Nokre framsyningar er baserte på lokale historier, andre har tema med nasjonalt og globalt tilsnitt. Målet er å underhalde på godt og vondt, skape debatt eller beint fram gi publikum ei kjensle av å høyre til – i ei grend, i eit fylke, i eit land, på ein klode.

Sogn og Fjordane Teater er ei tydeleg stemme i kunst- og kulturlivet i vestlandsregionen, og med 2019-repertoaret håpar vi å lokke til oss nye tilskodarar i alle aldersgrupper.

Repertoar er ein kabal. På bordet ligg mange draumeprojekt. Så dukkar tilfeldighetene opp, og korta vert snudde. Kabalen har gått opp.

Velkommen til eit spennande teaterår i 2019!



Bodil Kvamme

Bodil Kvamme
Teatersjef



ALT DET LYSE OG ALT DET MØRKE

AV BRYNJULF JUNG TJØNN

«Alt det lyse og alt det mørke» er ei sterk forteljing om korleis omsorgssvikt kan gå i arv frå slektsledd til slektsledd.

Det spesielle er at historia blir fortald frå barnet sitt perspektiv. Vesle Vibeke er glad viss ho berre får vere med faren i tømmerstogen. Under dei dansande snøfillene gløymer ho både kulde og svolt. Men uansett kor hardt ho tviheld på desse lysglimta, forsvinn faren i skuggane.

Kva så når ho sjølv blir mor i ung alder? Vil ho klare å gi dottera Hildegunn ein lysare oppvekst?

Bak stykket står eit kraftlag frå Vestlandet. Det er andre gongen Miriam Prestøy Lie set i scene ein roman av Brynjulf Jung Tjønn. I 2016 laga ho teater av brageprisvinnande «Så vakker du er» med Thea Hjelmeland på scena, som vart ei kritikarrosa framsyning.

Arbeidet blir no vidareført med bergensmusikar Selma Frida Stang som miksar elektronisk, pop, folketonar og salmar, og framfører musikken live. Det heile er pakka inn i scenograf Dordi Strøm sitt visuelle, leikande og vakre univers.

Urpremière

18. jan. Førdehuset

19. jan. Førdehuset

TURNÉPLAN:

22. jan. Vik, Blixhalli

23. jan. Balestrand, Belehalli

24. jan. Lærdal Idrettshall

25. jan. Årdal Kulturhus

26. jan. Sogndal Kulturhus

29. jan. Dale, Fjalerhallen

30. jan. Flora Samfunnshus

31. jan. Bremanger

1. feb. Operahuset Nordfjord

2. feb. Honndalshallen

5. feb. Sandane, Trivselshagen

9. feb. Førdehuset

Med: Reidun Melvær Berge, Kyrre Eikås Ottersen, Iduen Losnegård, Joakim Thrane og Selma Stang. Av: Brynjulf Jung Tjønn. Dramatisering og regi: Miriam Prestøy Lie. Kostymedesignar og scenograf: Dordi Strøm. Lysdesignar: Krystian Myska. Foto: David Zadig.



GEORGS MAGISKE MEDISIN

AV ROALD DAHL

**Passe rampete teater for hele familien.
Også for bestemor, viss dei torer!**

Georg si bestemor er ikkje som andre søte og snille bestemor. Ho er nifs og syt og klagar og knurrar og bråkar og blandar seg opp i alt mogleg. Georg vil gi henne ein lærepenge. Så når ho skal få medisinen sin, lagar han ein boblande, frådande, magisk medisin som garantert vil sende henne gjennom taket.

Roald Dahl var ein forfattar i særklasse som har skapt ei verd av endelaus fantasi. Han var alltid på barna si side og lét aldri ein sjanse gå frå seg til å sparke dei som sparkast bør; dei maktsjuke, arrogante, autoritære og dømmende. Vaksne, sjølvstakt.

Men først og fremst får han oss til å le. Og grøsse. Og bli litt skremde (i alle fall ei lita stund inntil alt blir bra igjen). Og så le endå meir.

Dei utrulege historiene hans har gitt stoff til internasjonale storfilmar, så vel som fargerike musikalar og fengande barneframsyningar.

TURNÉPLAN I SOGN OG FJORDANE:

3. feb. Sogndal Kulturhus
4. feb. Årdal Kulturhus
5. feb. Høyanger Samfunnshus
6. feb. Førdehuset
8. feb. Flora samfunnshus
9. feb. Måløy, Nordfjordhallen
10. feb. Stryn Kulturhus
11. feb. Nordfjordeid, Operahuset

Produsert av Riksteatret i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater og Haugesund Teater.

Med: Ellen Andreassen, Ulla Marie Broch, Espen Mauno, Kristian Winther og Andreas Bratlie.
Dramatiker og regissør: Morten Joachim. Kostymedesignar og scenograf: Gjermund Andresen.
Lysdesignar: Øystein Heitmann. Komponist: Gunnar Eiriksson. Produsent: Wenche Viktorsdatter Paulsen. Teaterforlag: Nordiska ApS – København



TRANSLYRIA – SHAKESPEARE

OMARBEIDD AV FRODE GJERLØW

Her blir det kjønn og forviklingar på alle nivå. I god Shakespeare-ånd.

Tvillingane er fødte som jenter, men den eine er gut. Familien klarer ikkje å sjå Sebastian for den han er, og han forlèt dei. Tvillingsøstera Viola reiser etter for å finne han og blir skyld i land i Illyria, tvillingbrorens indre verd. Ho blir send på ei reise gjennom beingrind, muskel-fibrar og nervesystem.

Regissør Frode Gjerløw har laga ei moderne forteljing rundt kjende Shakespeare-klassikarar. Allereie for meir enn 400 år sidan braut Shakespeare med gjengse kjønns-oppfatningar. Han skreiv både vakkert og komisk om det feminine og det maskuline, noko som vart forsterka av at kvinner ikkje fekk stå på scena på Globe Theatre i London, og at kvinne-roller difor vart spelte av menn.

Shakespeare gir ekko heilt fram til vår eiga samtid, der transfobi og krav om å stå fram som «ekte» menn og kvinner legg hindringar i vegen for Romeo-ar og Julie-er. I dette stykket blir den historiske Shakespeare feira og dagens samfunn utfordra.

Uropremière

15. mar. Førdehuset

TURNÉPLAN:

16. mar. Førdehuset

20. mar. Operahuset Nordfjordeid

27. mar. Dale, Fjalerhallen

2. apr. Årdal Kulturhus

3. apr. Leikanger, Saften

4. apr. Sogndal Kulturhus

7. apr. Flora Samfunnshus

9. apr. Sandane, Trivselshagen

11. apr. Stryn Kulturhus

12. apr. Førdehuset

Det vert synt skuleframsyningar i speleperioden, i samarbeid med Den kulturelle skulesekken Sogn og Fjordane.

Med: Sulekha Ali Omar, Anders Firing Aardal, Ida Løken Valkeapää, Benedikte Sandberg og Preben Rongve. Av: William Shakespeare. Omsetjing: Edvard Hoem. Omarbeiding og regi: Frode Gjerløw. Kostymedesignar og scenograf: Ellan Parry. Lysdesignar: Kaja Glenne Lund. Lyddesignar: Ross Flight. Foto: Thomas Morel.



Ei overtydande og kjenslevår og vakker førestilling.

Fjordingen

MARIA MAGDALENA – JESU VIRKE

AV HÅVARD REM

«Maria Magdalena – Jesu virke» er nummer to i trilogien om Jesus.

Avisa Fjordingen (2018) skriv om framsyninga: «Den største skatten var å følgje Jesus. Forfattaren Håvard Rem tek oss med på ei reise tilbake i tid, til den tida då Jesus – og Maria Magdalena – vandra på jorda. Gjennom monologen, som Reidun Melvær Berge så meisterleg framførde i Nedstryn kyrkje onsdag kveld, fekk vi vere med Maria Magdalena. Vi fekk oppleve miljøet og høyre om dei hendingane som vi kjenner så godt frå Det nye testamentet, gjennom ei kvinne sine auge.»

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortald gjennom kvinnene rundt han. Dei var respekterte elevar og hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet. I «Jesu virke» er det Maria Magdalena som er augevitne. Ho fortel at Jesus redda henne frå galskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han.

Det er natta før palmesøndag og natta før Jesus og følgjet hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døypt av døyparen Johannes og om påskeveka.

Nypremière

3. apr. Naustdal kyrkje

TURNÉPLAN:

- 4. apr. Lærdal, Hauge kyrkje
- 5. apr. Luster, Dale kyrkje
- 6. apr. Sogndal, Fjærland kyrkje
- 7. apr. Jølster, Ålhus kyrkje
- 9. apr. Balestrand, Tjugum kyrkje
- 10. apr. Eivindvik, Gulen kyrkje
- 11. apr. Høyanger, Bjordal kyrkje
- 12. apr. Hyllestad kyrkje
- 13. apr. Eikefjord kyrkje
- 14. apr. Viksdalen kyrkje
- 23. apr. Hornindal kyrkje
- 24. apr. Eid, Kjølisdalen kyrkje
- 25. apr. Selje, Leikanger kyrkje
- 26. apr. Hyen kyrkje
- 27. apr. Fjaler, Dale kyrkje
- 28. apr. Bulandet kapell

Med: Reidun Melvær Berge. Av: Håvard Rem. Omsetjing Asbjørg Lotsberg. Regi: Marit Østbye. Kostymedesign: Else Lund. Lysdesign: Krystian Myska. Foto: Espen Nyttिंगnes, Rakkar.



KINNASPELET Kinn 22.-23. juni

SONGEN OM DET STORE DJUP



Spelet dreg opp dei store linjene i ein fortetta versjon med eit persongalleri som vi er blitt glade i.

Borni nektar å teie sjølv om ho får eit spyd opp under nasen. På kaia står den danske futen med væpna soldatar og krev at øyfolket skal ta imot den Lutheriske læra. Borni tryglar prestefaren om å halde på den katolske trua.

Frilla Margrete har eit anna syn på saka. Ho vil at presten skal gi avkall på pavekyrkja og sølibatet, slik at han kan gifte seg med henne og gjere dottera deira Borni ektefødd. Kven av dei to skal han svike?



Eit enormt apparat er i sving når teateret flyttar ut på ei forblåst øy omtrent så langt vest i Norge som det er mogleg å kome. Rundt 150 frivillige har fast «dugnadsferie» der ute, og eit publikum på eit par tusen blir frakta til og frå med ekstraordinære båtruter. Det slitesterke samarbeidet med Sogn og Fjordane Teater er heilt avgjerande. Teateret stiller med regissør og fem profesjonelle skodespelarar, i tillegg til musikarar, kostymer og teknikk på prøver og framsyningar. Årets regissør er Oda Alisøy.

I samarbeid med Kinnaspelet og med bidrag frå distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane.

Med: Reidun Melvær Berge, Kyrre Eikås Ottersen, Iduun Losnegård, med fleire.
Av: Rolf Losnegård. Komponist: Per Janke Jørgensen. Regi: Oda Alisøy.
Musikalsk ansvarleg: Harald Dahlstrøm. Foto: Arne Stubhaug.



BERGENSAVISEN



BT

ENGELN FRÅ KOBANE

AV HENRY NAYLOR

Engasjerande og hyperaktuelt om kor sårbart det er å vere ei ung kvinne i den pågåande konflikten i Syria.

I 2014 dukka det opp bilde av ei ung, militærkledd, kurdisk jente i sosiale medium. Ho heitte Rehana og var jussstudent. Bildeteksten fortalde at jenta skulle ha drepe over 100 IS-soldatar i dei harde kampene som den kurdiske motstandsbevegelsen (YPG) utkjempa i grensebyen Kobane. Bilde av Rehana vart delte fleire tusen gonger, og ho fekk tilnamnet «Angel of Kobane».

Historia om Rehana er ei fiksjonsforteljing, basert på ein myte. Men alt har skjedd – og skjer framleis i

Sterkt bilde av en enslig krigssjebne.

Bergensavisen

Madalena Sousa Helly-Hansen levendegjør «Engelen frå Kobane» på et svært menneskelig vis.

Bergens Tidende

verda i dag. Rehana vert stilt overfor umenneskelege val i krigen som har skapt vår tids største humanitære tragedie, der halve befolkninga er driven på flukt.

«Engelen frå Kobane» er skrive av den britiske dramatikaren Henry Naylor og er siste del av hans trilogi om konfliktane i Midt-Austen. Stykket har vunne fleire prisar og fått strålende kritikkar.

Nypremierre

8. sept. Førdehuset

SPELESTADER:

Flora samfunnshus

Sogndal kulturhus

Årdal kulturhus

Sandane Trivselshagen

Operahuset Nordfjordeid

Sjå www.softeater.no for speletider.

Samproduksjon mellom Sogn og Fjordane Teater og Hordaland Teater.

Med: Madalena Sousa Helly-Hansen. Original tittel: «Angel». Av: Henry Naylor.
Omsetjing: Elise Risnes Eikevik. Regi: Miriam Prestøy Lie. Lys: Jon Eirik Sira.
Foto: Thor Brødreskift. Fotomontasje: Heidi Fjell. Teaterforlaget Nordiska ApS



HAUSTENS STORSATSING

– EIN POPMUSIKAL
FOR HEILE FAMILIEN

JOSTEDALSRYPA

AV MARIA TRYTI VENNERØD

Jostedalsrypa er Norges svar på Jungelboka, med ei tøff jente i spissen.

I Sogn og Fjordane er vi godt kjende med segna om Jostedalsrypa. Jenta overlever Svartedauden som tar livet av meir enn annankvar nordmann midt på 1300-talet. Heilt åleine må ho klare seg gjennom vinteren, og innan ho blir funnen neste vår, er ho blitt skjerr som eit vilt dyr. Korleis overlever ho? Og kvar tar ho motet ifrå?

Familie musikalen er inspirert av segna, men tar oss med vidare inn i ei eventyrleg og magisk musikalsk verd. Den heltemodige jenta, Rypa, ber forteljinga på dei spinkle skuldrene sine,

og det heile er pakka inn i melodiose poplåtar som publikum garantert kjem til å nynne på når det går ut døra.

Bak står to av dei ypparste samtidskunstnarane vi har: dramatikar Maria Tryti Vennerød og komponist Julian Skar. Torkil Sandsund har regien og set sin umiskjennelege signatur på framsyninga.

Musikalen handlar om korleis ei jente finn motet og kreftene til å overleve utan andre menneske gjennom ein lang og kald vinter. I den mørkaste timen, når ho trur at ho er heilt åleine, viser det seg at ho har vener som ho ikkje visste om.


Med: Reidun Melvær Berge, Kyrre Eikås Ottersen, Idun Losnegård, Oda Kirkebø Nyfløtt m.fl.
Av: Maria Tryti Vennerød. Komponist: Julian Skar. Regissør: Torkil Sandsund. Kostymedesignar og scenograf: Dordi Strøm. Lysdesignar: Krystian Myska. Foto: David Zadig.

Urpremière

8. nov. Førdehuset

TURNÉPLAN:

- 9. nov Førdehuset
- 13. nov Dale, Fjalerhallen
- 14. nov Sandane, Trivselshagen
- 15. nov Stryn Kulturhus
- 16. nov Operahuset Nordfjordeid
- 19. nov Askvoll idrettshall
- 21. nov Måløy, Nordfjordhallen
- 22. nov Hauge, Bremangerhallen
- 23. nov Flora Samfunnshus
- 26. nov Vik, Blixhalli
- 27. nov Høyanger idrettshall
- 28. nov Knarvik
- 29. nov Solund idrettsbygg
- 30. nov Hyllestad idrettshall
- 3. des Årdal Kulturhus
- 4. des Aurland idrett- og samfunnshus
- 5. des Sogndal Kulturhus
- 7. des Førdehuset
- 8. des Førdehuset



EVENTYRROMMET

Mange undersøkingar viser at eventyret har viktige funksjonar i born si utvikling og læring. Dei møter nye ord i ein spennande samanheng og får auka ordforrådet sitt. Dei kjenner igjen dei faste strukturane, og dei lærer seg å ta desse strukturane i bruk i sine eigne forteljingar.

Eventyret er også ei øving i å følgje ein tekst av ei viss lengde og å skape bilde og mening ut frå språket. Psykologen Bruno Bettelheim (1903-1990) hevda at born si evne til empati vert utvikla gjennom å identifisere seg med eventyrheltane, eit møte som danner mønster for innleving og mot.

Kunstnaren Charlotte Rintler har måla heile rommet med eventyrfigurar frå minst 55 ulike bøker og historier. Her vil teatersjef Bodil Kvamme at ungar og vaksne verkeleg skal få lov til å setje seg ned og lytte til den gode historia og la tankane forme eigne bilde. I 2019 byr vi på både nye og gamle forteljingar.

Framsyingar på Eventyrrommet vert annonserte på heimesida og Facebook-sida til Sogn og Fjordane Teater.

TeaterNytt

Meld deg på nyheitsbrevet vårt og motta informasjon om nye teaterstykker og anna aktuelt frå Sogn og Fjordane Teater!

Teaterlauget

Teaterlauget er ei fordelsordning for bedrifter. Her får du og dine tilsette gode rabattar på alle ordinære framsyningar i Sogn og Fjordane. Ta kontakt med teateret for tilbod.

Billettar

Oversikt over billettprisar, spele plassar og informasjon om billettkjøp er tilgjengeleg på www.softeater.no. *med atterhald om endringar.

Rabattar

Teaterlauget
Teatervenner Sogn
BOB medlem
Grappesal
Coop-medlem
*samarbeid med Riksteatret
BT-Fordel *fram syningar i Bergen

Kontaktinformasjon

Telefon: 900 90 600

E-post: post@softeater.no

www.softeater.no

FØLG OSS PÅ:    

REDAKSJON: Lene Grande, Heidi Hattestein og Bodil Kvamme
ANSVARLEG UTGJEVAR: Bodil Kvamme
UTFORMING AV PROGRAM: Rein Design
TRYKK: E. Natvik Prenteverk AS, Florø